

Vår sakshandsamar  
Hilde Gry Leer-Salvesen, Hilde.Gry.Leer-Salvesen@hivolda.no

Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Besøksadresse:  
Jøplassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår dato
14/3274-1	14/00533-5	20.10.2014

## Høyring av NOU 2014:5 MOOC til Norge - høyringsuttale frå Høgskulen i Volda

Viser til brev frå Kunnskapsdepartementet datert 24.6.14 med frist for høyringsuttale 20.10.2014.

Høgskulen i Volda ser positivt på at det er gjort eit omfattande arbeid med å samanstille kunnskap knytt til mulegheiter og utfordringar som følgjer ved framveksten av MOOC og liknande tilbod. Vi vil særleg kommentere desse tilrådingane frå utvalet:

Utvalet tilrår at det vert lagt til rette for at institusjonane kan nytte ein sentral støttefunksjon i utvikling av MOOC, (jf. kap. 11.2.3, første avsnitt). Når ein skal utvikle ein MOOC møter ein på ulike utfordringar knytt til pedagogisk tilrettelegging av innhaldet og ein må gjere val knytt til teknologi. Erfaringar frå fagmiljø som har utvikla MOOC viser også at rutinar og retningslinjer av studieadministrativ karakter kan vere ei utfordring. I tillegg byr teknologi i utdanninga på problemstillingar knytt til ulike juridiske område som opphavsrett, personvern. Difor foreslår vi at den sentrale støttefunksjonen også har mandat til å gi råd knytt til administrative og juridiske spørsmål. Det er viktig at arbeidet som pågår knytt til utgreiing av digital vurdering og eksamen også inkluderer spørsmål om fristar for oppmelding til eksamen og identifisering av MOOC-deltakarar som ønskjer å ta eksamen (jf. kap. 10.5.2).

Vi støttar framlegget om å etablere ein felles portal for norske MOOC-tilbod (jf. kap. 11.1). Dette er viktig for å profilere tilboda, men portalen kan også stimulere til samarbeid mellom norske institusjonar. Å ha ein felles tilgang til ulike plattformer er også eit viktig bidrag for at fagmiljøa får tilgang til å prøve ut ny teknologi (jf. kap. 11.2).

Høgskulen i Volda støttar målsetjinga om at MOOC-tilbod som vert utvikla skal ha ein høg kvalitet og halde same faglege standard som andre kurs (jf. kap. 10.1.2). Det er nødvendig å heve kompetansen til vitskapleg tilsette i bruk av digitale verktøy i opplæringa (jf. kap. 10.1.1 og NOKUT 2013 Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning). Det er også viktig å understreke behovet for sterkare insentiv for auka kvalitet i undervisninga. Høgskulen i Volda ønskjer at retningslinjene for opprykk i vitskaplege stillingar vert vurdert endra slik at det også vert muleg å vektlegge utvikling av undervisningskvalitet og tilrettelegging for læring (jf. kap. 10.5.3).

Høgskulen i Volda ser gjerne at departementet utformar ei overordna målsetjing for satsing på MOOC og liknande tilbod i UH sektoren. Vi bed vidare om ei avklaring på kva ein MOOC er og kva plass slike kurstilbod skal ha i finansieringssystemet i UH-sektoren. Vi vil foreslå at dette vert gjort i samband med gjennomgangen av finansieringssystemet i UH-sektoren (jf. kap. 13.3).

Ved å leggje til rette for fleksible studieformer, vert kurs tilgjengeleg for ei større målgruppe. Nettbaserte studium og MOOC er såleis viktige verktøy for å tilby befolkninga auka tilgang på livslang læring og for realisering av samfunnsoppdraget til institusjonar i høgare utdanning. Vi støttar difor framlegget om eit styrka samarbeid mellom UH-sektoren og arbeidslivet i offentleg og privat sektor (jf. kap. 14.4).

Med helsing

Kontor for etter- og vidareutdanning



Marie Nedregotten Sørbo

Prorektor



Hilde Gry Leer-Salvesen

Rådgivar

Kopi til: Avdeling for kulturfag v/Bjørn Krøvel, Avdeling for kulturfag v/Aud Folkestad, Avdeling for mediefag v/Sverre Liestøl, Avdeling for samfunnsfag og historie v/Kjell Einar Dagfinrud, Avdeling for samfunnsfag og historie v/Ketil Jarl Halse, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning v/Jon-Arild Kvamme Sollid, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning v/Arne Myklebust, IT v/Stig Flåskjer, Studieadministrasjonen v/Gonnie Smit, Personalkontoret v/Nina Cathrin Garshol, Økonomikontoret v/Ingunn Welle, Informasjonskontoret v/Per Arne Brandal, Forsking og utvikling v/Johann Roppen, Kontor for etter- og vidareutdanning v/Oddbjørn Petter Nes, Kontor for etter- og vidareutdanning v/Hilde Gry Leer-Salvesen, Leiinga v/Jacob Jr Kjøde, Leiinga v/Per Halse, Leiinga v/Marie Nedregotten Sørbo, Biblioteket v/Bente Gunn Lien